

Saksprotokoll i fylkesutvalet – 19.11.2015

Sveinung Valle sette på vegner av A og KrF fram slikt forslag:

1. "Hordaland fylkeskommune ønskjer ikkje freding av Støleterassen etter kulturminnelova.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at plan- og bygningslova gir gode verkemiddel for å sikre andre kulturminneinteresser i området, t.d. ved bruk av omsynssonar. Mykje av Støleterassen er allereie freda gjennom kulturminnelova.
3. Hordaland fylkeskommune meiner at freding vil føre til innskrenkingar i lokal råderett i høve til i dag, og ei unødig auke av byråkrati i samband med saksbehandling."

Mari K. Kjellesvik sette fram slikt forslag:

"Nytt punkt 4:

Fylkesutvalet ber om at Etne kommune vert følgt opp med auka fokus på kunnskapsformidling og utvikling av kulturminna i området, i samråd med Universitetet i Bergen og muséet, lokale styresmakter og grunneigarar. Hordaland fylkeskommune tek initiativ til samarbeidet."

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

1. "Fylkesutvalet sluttar seg til freding av Stødletterassen. Fredinga vil sikra dei nasjonale kulturminneverdiane og samstundes leggja til rette for vidare drift som landbruksområde.
2. Fylkesutvalet ber om at utarbeiding av forvaltingsplanen vert prioritert.
3. Fylkesutvalet ber om at fredinga vert følgt opp med auka fokus på kunnskapsformidling og utvikling av kulturminna i området, i samråd med lokale styresmakter og grunneigarar."

Røysting

Oen sitt forslag fekk 2 røyster (SV, MDG) og fall.

Valle sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (SV, MDG).

Kjellesvik sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (SV, MDG).

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune ønskjer ikkje freding av Støleterassen etter kulturminnelova.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at plan- og bygningslova gir gode verkemiddel for å sikre andre kulturminneinteresser i området, t.d. ved bruk av omsynssonar. Mykje av Støleterassen er allereie freda gjennom kulturminnelova.
3. Hordaland fylkeskommune meiner at freding vil føre til innskrenkingar i lokal råderett i høve til i dag, og ei unødig auke av byråkrati i samband med saksbehandling.
4. Fylkesutvalet ber om at Etne kommune vert følgt opp med auka fokus på kunnskapsformidling og utvikling av kulturminna i området, i samråd med Universitetet i Bergen og muséet, lokale styresmakter og grunneigarar. Hordaland fylkeskommune tek initiativ til samarbeidet.